

HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

Arealtiltak for ein berekraftig og attraktiv byutvikling

# Kartlegging av infrastruktur for sykkel i regionsenter i Bergensområdet

Sluttrapport KMD-prosjekt 206041 - vår sak 2017/6269

## **OM RAPPORTEN**

Regionalavdelinga v/ planseksjonen, Hordaland fylkeskommune

Lars Petter Klem – [lars.petter.klem@hfk.no](mailto:lars.petter.klem@hfk.no)

Dato: 30.11.2018

# INNHOLD

<b>BAKGRUNN .....</b>	<b>4</b>
Føremål.....	4
<b>KOMPETANSEHEVING OG SYKKELSTRATEGI.....</b>	<b>4</b>
Prosjektoppgåvene .....	4
<b>RESULTAT .....</b>	<b>5</b>
Resultat av prosjektarbeidet .....	5
<b>FORMIDLING OG SAMARBEID.....</b>	<b>7</b>
<b>ØKONOMI .....</b>	<b>7</b>

Vedlegg:

- 1 Kartlegging av infrastruktur for sykkel i regionsenter i Bergensområdet (Multiconsult)
- 2 Kartlegging av sykkelinfrastruktur - grunnlag for sykkelstrategiar i Bergensområdet  
(Prosjektgruppa - blir ettersendt desember 2018)

# Bakgrunn

## FØREMÅL

Sluttrapporten er eit resultat etter eit prosjektarbeid med fokus på sykkelsatsing i regionsenter i Bergensområdet. Kommunane Fjell, Askøy, Os og Lindås har delteke i prosjektgruppa i lag med Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen. Bergen kommune har stilt med representant for å gje innspel til prosessen. Prosjektet har vore delfinansiert av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), der ein har søkt å heve kompetansen innan sykkelplanlegging og utgriene forholda for å utvikle ei regional sykkelstrategi. Departementet løyva 800 000 kroner hausten 2017 til to ulike prosjekt om byutvikling, der 400 000 blei satt av til sykkelprosjektet. Det andre prosjektet (parkeringspolitikk) har etter avtale med KMD fått rapporteringsfrist 31.04.2019.

Til grunn for sykkeltematikken ligg det å medverke til at vi klarer å oppnå det nasjonale målet om at 8 % av alle reiser i 2023 skal vere på sykkel. Dette er eit av de viktige tiltaka for å bidra til å oppnå nullvekstmålet som er nedfelt i både Nasjonal transportplan 2018-2029 og Nasjonal sykkelstrategi frå 2014. Ein finn også at ei satsing på dei myke trafikantane kan vere eit viktig skritt mot å skape attraktive og levande senterområde. Effektmålet for prosjektet er difor å medverke til at «sykkelvegnettet skal vere attraktivt, framkomeleg og trafiksikkert. Byutviklinga skal legge til rette for at sykkel og gange tek større delar av transportveksten».

## Kompetanseheving og sykkelstrategi

### PROSJEKTOPPGÅVENE

I søknaden til prosjektet låg det til grunn at ein skulle arbeide med å kartlegge kompetansebehov, og korleis ein kan jobbe mot å forbetre dagens tilstand på sykkelinfrastrukturen. I tilsegsna frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet blei det ønska at prosjektet også skulle vere eit forprosjekt til utarbeiding av felles sykkelstrategi. Dette gjorde at prosjektet i større grad har fokusert på utgrieing av forholda for å utvikle ei regional sykkelstrategi, og at deler av prosjektopdraget endra seg frå kva som stod i søknadsteksten.

I oppdatert prosjektbeskriving blei forprosjektet gitt følgande oppgåver å avklare:

- Føremålet, effekt- og resultatlål med ein regional sykkelstrategi
- Regional sykkelstrategi sin rolle i høve til kommunal sykkelstrategi
- Sykkelstrategiar sin rolle i byvektavtale
- Aktuelle prioriteringskriteria for tiltak
- Organisering, medverknad, framdrift og finansiering av hovedprosjekt

På same tid ønsket ein også at prosjektet skulle gi oversyn over:

- Virkemiddel og støtteordningar
- Ansvarsfordeling for gjennomføring av tiltak
- Samordningsbehov mellom ulike offentlege aktørar
- Omtale av samordningsbehov mellom ulike initiativ og prosjekt
- Vilkår og verknad av sykkelbyavtalar

I tillegg til desse oppgåvene blei det satt ut eit konsulentoppdrag der ein skulle kartlegge sykkelinfrastrukturen i regionsentra i dei deltagande kommunane. Vidare skulle dette konsulentoppdraget gi faglege tilrådingar for framtidig utbetring av tilbodet for syklistane i desse senterområda.

I samband med desse oppgåvene har kommunane Lindås, Fjell, Os, Askøy samt Statens Vegvesen hatt representantar i ei referansegruppe. Hordaland fylkeskommune har vore sekretariat. Bergen vart ikkje med i kartlegginga ettersom dei allereie har ein sykkelstrategi og har gjort liknande kartlegging, men dei har likevel gitt bidrag gjennom kommentarar og innspel i prosjektgruppa.

Multiconsult utførte sommaren 2018 oppdraget med å kartlegge tilstand og behov for sykkelinfrastruktur i regionsentra Straume, Osøyo, Knarvik og Kleppestø. Representantar frå kommunane deltok under feltarbeid, avgrensing av analyseområde og dokumentasjon av planstatus.

# Resultat

## RESULTAT AV PROSJEKTARBEIDET


Gjennom deltaking i prosjektet har dei ulike representantane møtst rundt ein gong i månaden, der ein har diskutert dei ulike tilhøva for sykkelutbetring i dei forskjellige kommunane. I dette samspelet har ein utveksla erfaringar og kunnskap rundt det å jobbe med å utbetre sykkeltilbodet og sykkelsatsing generelt. Eit gjentakande tema var korleis ein som planleggjar må jobbe opp mot dei vognormalane som finns for infrastrukturløysingar, og korleis dette påverkar kva ein faktisk får realisert. Dette henger også saman med behov for finansiering av infrastruktur.

Kartlegginga til Multiconsult har resultert i ei fyldig rapport der ein har utarbeide detaljerte kart over sykkeltilbodet i dei ulike regionsentera. Her har ein kategorisert kvaliteten på sykkelinfrastruktur, og også komme med tilrådingar for kor ein bør prioritere framtidig utbetring av sykkelanlegg. Prioriteringane er blant anna basert på kost/nytte-evaluering av utbetringstiltak og kor ein potensielt kan mobilisere flest nye syklistar.


Prosjektgruppa opplever at Multiconsult sin infrastrukturkartlegging er eit viktig og anvendeleg verktøy for å bringe oppdatert kunnskap til kva situasjonen er i dei ulike sentra, og kva som må gjerast vidare. Dei faglege tilrådingane og prioriteringane vil no bli brukt i den vidare felles satsinga for kor vi bør utbetre sykkelinfrastruktur i framtida.

Ut av dette prosjektarbeidet har ein no kome til at ein ser det som mest tenleg at ein utviklar eigne sykkelstrategiar som er tilpassa lokale tilhøve. På same tid skal fylkeskommunen også lage ei sykkelstrategi for egen verksemd. Denne løysinga meiner vi er meir tenleg enn å utarbeide ei felles sykkelstrategi.

Vi har i tillegg valt å utarbeide en større rapport som skal brukast i vidare arbeid administrativt og politisk for å fremme interesse for sykkelutbetring. I hovudsak vil rapporten tilrå at kommunane jobbar mot å inngå sykkelbyavtalar og å lage eigne sykkelstrategiar. Ein ser sykkelbyavtalane som viktige for å skape samordning på tvers av vegeigerane og investeringsansvar. Ein ser det slik at samordning vidare er essensielt for å jobbe mot å realisere eit godt og attraktivt sykkelnett.



Figur 1 og 2: Prosjektet har resultert i ein kartlegging utført av Multiconsult, samt ei sluttrapport frå prosjektgruppa. Sistnemnde er i sluttspurten av publisering.

Tilrådde tiltak på delstrekningen

Figur 3-6: Tilrådde tiltak på delstrekning 1 Kleppestø

**Eksempel frå kartlegginga**

Illustrasjonen visar ei delstrekning i regionsenteret Kleppestø i Askøy kommune. Gjennom feltarbeid har ein kartlagt og kategorisert sykkelinfrastrukturen i området, der ein har følgt opp med kostnadsanslag og tilrådingar for vidare satsing og utbetring. Til grunn for analyseavgrensing har ein blant anna vurdert strekningar som går 4 km ut frå regionsentera.

# Formidling og samarbeid

Etter at kartleggingsrapporten blei mottatt i oktober har den blitt sendt ut til kommunane og rundt i fylkeskommunens verksemd. Det arbeidas nå med at informasjonen skal digitaliserast og bli publisert gjennom ei nettløysing, slik at ein lettare kan få tilgang til dei. Ein rapport lever sjeldan lenge, men vi håpar at datagrunnlaget kan brukast i lang tid framover.

Prosjektgruppa har tenkt til å arrangere eit politisk møte i overgangen februar-mars 2019 der vi vil presentere funna frå arbeidet. Her vil vi invitere politikare frå alle kommunane i Bergensområdet. På same møte har vi tenkt å presentere funna frå parkeringsprosjektet (som er finansiert gjennom same prosjektilskot), og det regionale bustadbyggeprogrammet som også er finansiert av KMD. Ein vurderer også om ein skal arrangere ei fagleg plansamling for planleggjare i fylket med tema sykkel og gange våren 2019.

## Økonomi

### Budsjett og rekneskap

Gjennom tilskotsordninga for «Arealtiltak for ein berekraftig og attraktiv byutvikling» løyva Kommunal- og moderniseringsdepartementet 800 000 kroner i 2017, der ein har satt av 400 000 kroner kvar til prosjekt om parkering og om sykkel. I utgangspunktet vart det søkt om pengar i grunnlag av at ein skulle jobbe med kompetanseheving gjennom møter og verkstader. I lys av KMD sin innstilling om at prosjektet burde bli brukt til meir enn rein kompetanseheving, vart det også einighet om at ein burde få utført ei kartlegging av sykkelinfrastrukturen for å få faglege tilrådingar for vidare arbeid.

Forprosjekt kompetanseheving sykkelplanlegging i Bergensområdet	2017	2018	SUM
Administrative utgifter - eigeninnsats	300	300	600
Gjennomføring av verkstader	100	100	200
SUM	400	400	800
Total			1600

Tabell: Opprinnelig budsjett i søknaden om tilskot av brev 16.06.2017.

Dei 400 000 som gikk til sykkelprosjektet har i sin heilskap gått til å finansiere kartleggingsoppdraget til Multiconsult. Når rekneskapet nå viser til at ein har gått over budsjettet sum i konsulentkontrakt er dette grunna mindre korrigeringar i rapporten som kravde ekstraarbeid. Denne ekstra kostnaden har Hordaland fylkeskommune tatt på seg.

	Budsjettert 2018	Rekneskap 01.12.2018
Administrative utgifter – eigeninnsats	400 000	400 000
Kartlegging Multiconsult	400 000	420 850
Sum	800 000	820 850

Tabell: Budsjett og rekneskap 2018. Kostnadane er eksl. mva.

Representantane har delteke slik gjennom eigeninnsats:

**Hordaland fylkeskommune:**

- Sekretariatstilling for prosjektgruppa
- Rapportskriving og dokumentasjon
- Utarbeiding av anbod
- Bistand til konsulent

Desse oppgåvene har vert satt til ein eigen prosjektstilling.

**Kommunane (Askøy, Fjell, Lindås og Os):**

- Deltaking i møter rundt ein gong i månaden
- Førebuing av presentasjon, innspel til rapportskriving og tilrådingar
- Feltarbeid i lag med konsulent og rapportering av planstatus

Bergen kommune har stilt representant som har gitt innspel til sykkelprosjektet og rapportarbeidet.


**Statens vegvesen**

- Deltaking i møter rundt ein gong i månaden
- Førebuing av presentasjon, og innspel til rapportskriving og tilrådingar

**Vegen vidare**

Gjennom same tilskotsordning har KMD i 2018 løyva 1 200 000 kronar til å finansiere utvikling av kommunale sykkelstrategiar. Desse midla skal vere i ein pott som kommunane kan søke einskild på for å finansiere tiltak som bidreg til at ein utarbeider sykkelstrategiar og jobbar mot å inngå sykkelbyavtale. Hordaland fylkeskommune sin oppgåve vil vere å vurdere og behovsprøve kvar søknad.

Vi ser dette prosjektarbeidet som ein god grobunn for å skape i god framdrift i sykkelsatsinga i omegnskommunane, og gleder oss til å fortsette vidare inn i det nye året.



Agnes Mowinckels gate 5  
Postboks 7900  
5020 Bergen  
Telefon: 55 23 90 00  
E-post: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregående opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.